

KONGEVEGEN VINTERNATT



BOOK VINTERNATTA HER

Fakta

Vanskeleghetsgrad
● Enkelt

Tilgjengeleg
1. februar-30. april

Denne opplevinga kan også bookast saman med turpakkene «Kongevegen på ski og truger - 3 dagar» eller «Kongevegen rundt på ski - 2 dagar»

Etter at mørket har lagt seg gjer me klar trugene og pakkar sekken. Etter ein kort køyretur startar me turen. Kvar me ender avhenger av vær- og føreforhold.

Spelar været på lag vil me kunne oppleve vinterkledd fjell som badar i månelys. Uansett vil hodelyktene våre kunne avsløre revefantens krumspring eller dei spretne hoppa til fjellharen.

Etter å ha gått passe langt brer me ut reinfellene og fyrer opp eit lite bål dersom været tillet det.

Med noko varmt i koppen og noko enkelt å bite i er det berre å lene seg tilbake, ta inn stilla i fjellheimen og drøyme under stjernehimmelen.

Eller la fjellpraten gå rundt bålet.

Her har du høve til å stille alle spørsmåla du måtte lure på om friluftsliv. Om Filefjell. Om Kongevegen. Om villmarka. Guiden har lang erfaring med friluftsliv og har budd ute i to år!

Lengde: 2-3 timar. Opplevinga er tilgjengeleg torsdag-søndag.

PRIS PER PERSON:

Om du kjøper opplevinga som del av «Kongevegen Vinter»: 690,- kr. (min. 2 pers.)

Om du kjøper opplevinga utanom: 1 190,- kr. (min. 2 pers.)

DETTE ER INKLUDERT:

- Lokal guide blir med
- Lån av truger
- Lån av staver
- Lån av hovudlykt
- Reinfeller til å sitje på
- Varm drikke
- Enkle lokale matbiter
- Bålkos
- Ville fjellet. Frå bålplassen ser du ikkje kunstig lys frå sivilisasjonen

NB: Atterhald om været! Nokre gonger opplever me månelys og kanskje stjernehimmel. Andre gonger er det overskya. Er været så dårleg at me må avlyse får du pengane attende.

KRAV TIL DEG:

- Du er i normal fysisk form
- Du vil gå på truger
- Du er kledd i klede og utstyr som duger for ein kald kveld på fjellet: varmt undertøy på underkropp og overkropp, vanntett/vindtett bukse, tjuk/varm genser, varm lue som dekker øyrene, vanntett/vindtett jakke, klede som dekker halsen, votter, tjuke sokker og sko meint for fjelltur
- Du følger råda til guiden og tenkjer tryggleik saman med han

NB: Bildet er teke på veg inn til ein av stadane som det er aktuelt å besøke (Foto: Sven Richard Møller)



Opplev Filefjell

Les mer



Emma & Sven
Richard



Tlf (+47) 419 34
224 / (+46) 70
295 6577

Heimeside

E-post



Kongevegen over Filefjell

info@visitkongevegen.no



 Bruk av cookies